

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Fastelavnssøndag – 11. februar 2018

Preiketekst: Joh 12, 20-33

Lesetekst I: Jes 53,1-5

Lesetekst II: 1 Kor 1, 18-25

## Til Jerusalem og Pyeongchang

Så er OL i Pyeongchang omsider i gang, med mykje militær og politisk spenning, og masse doping-trøbbel som bakteppe. Idrett er spennande, men så visst ikkje fullkomen, like lite som politikken, eller verda elles. Det gjeld også kvar einskild av oss!

I kyrkjeåret kjem denne søndagen eigentleg som ein festdag, sjølv om hovudteksten er alvorleg nok. Fastelavn kjem av tysk (faseln abend) og tyder noko i retning av fest-kveld, eller kveld med spillopper og ablegøyer. Saman med blåmåndagen dagen etter, og feitetirsdagen, ligg det til rette for festdagar og mykje god mat, før fastetida kjem frå onsdag av, med oskeonsdag. Denne onsdagen vert forresten også ein miks, avdi det då også er Valentin-dagen: ein dag i året som mange reknar som den store kjærleiksdagen. Men faste og kjærleik står så visst ikkje i motsetnad til kvarandre.

Men her er me altså - mange av oss med blikket mot Sør-Korea, og ein bodskap om ein som seier at han er komen for å verta herleggjort, og for å døy, og for å gje oss æveleg liv.

Kan me halda saman alt dette?

### Mellom krubba og krossen

Jula varer heilt til påske, seier me av og til. Kanskje er det litt rett i det? I alle fall kjem denne dagen sånn omtrent midt mellom dei to høgtidene. Eller – mellom krubba og krossen, om ein heller vil. Me har lagt openberringstida bak oss. No tek førebuingane mot fastetid og liding til. Vegen går opp til Jerusalem. I Jesu samtid i heilt bokstavleg forstand. I bibeltekstar, salmer og innhald i møte og gudstenester stig også spenninga mot det klimakset me veit vil koma på Golgata.

Men innhaldet i teksten plasserer oss allereie på palmesøndag. Jesus har ridd inn i Jerusalem. Folket har hylla han. Og no seier han – omsider – at timen er komen. Han har fleire gonger sagt at min time er endå ikkje komen. Men no, altså. Så er det flott å lesa at det også var nokre grekarar der som ville sjå han. Han kom for å gje frelse og sæle til jøde først, og så for greker. I jula, hugsar me, var jo Jesu jordiske familie av jødisk ætt, medan dei vise menn truleg var av folkeslaga. Eller kanskje også dei hadde jødiske røter? Og så hugsar me gamle Simeon som fekk sjå Jesusbarnet og halda det. Augo mine har sett di frelse, som du har skipa til for alle folks åsyn, eit ljøs til openberring for heidningane, og til ære for Israel, folket ditt, sa han.

### Ein krass Jesus

Men er ikkje Jesus krass - unødig krass? Hata livet sitt? Eller å elska livet sitt, og så missa det? For mange buttar det såpass imot i livet at eg kan forstå at dei tek avstand frå Jesus og vender seg vekk frå han, når han kjem med slike ord. Låg sjølvkjensle og stor sjølvforakt – nokre som har det slik, treng mykje nåde om ein skal nå inn til kjerna av kva Jesus seier her. Og kven av oss er det som er villige til å døy fordi me elsker livet? Andre stader i Det nye testamentet kjem Jesus med andre svært radikale utsegner om kva me må forsaka om me vil høyra han til og nå fram til sæla.

Då er det på ein måte godt å sjå at også Jesus gjev uttrykk for at han var full av angst. Ja, i det heile tatt at han kom som menneske og vart som ein av oss, prøvd i alt.

### **Fornedring og herleggjering**

Det er ikkje enkelt å skjøna at herlegdom kan openberrast gjennom liding og fornedring. Men det er det som er saka her. Og dette er guddommeleg. Jesus seier det slik, og røysta som kjem frå himmelen, uttrykkjer det same. Ved at Jesus vert hengt på krossen, og tek på seg all synd og skuld og skam, på vegne av alle menneske til alle tider, så vert han forherliga og opphøgd! Då vert namnet hans herleggjort! Det som ser ut som det aller minste og mest elendige i denne verda, ber altså i seg ei kraft som utstår alt, og som kan gje oss som lever i dag, og som trur på Jesus, frelse og evig sære. Det er ikkje til å tru. Men nei, det er feil. *Det er til å tru!*

At dei som stod rundt han der og då, og som både høyrde kva han sa sjølv, og kva røysta frå himmelen sa, ikkje forstod innhald og djupne i bodskapen, skal me ikkje undra oss over. Me strever like hardt i dag for å kunna gripa dette. Det er eigentleg uskjøneleg. At han brukar biletet med eit lite korn som vert lagt i jorda og døyr, og som i neste omgang gjev stor grøde, kan kanskje gje litt hjelp til å gripa det. Dette er jo kvardagsmirakel som ein ofte er vitne til. Men forklara det, skjøna det? Men me ser det er slik, og me trur det.

### **Norsk gull på 30-kilometeren**

Så tilbake frå palmesøndag til fastelavnssøndagen. Ta med deg lesetekstane også. Både Jesaja-teksten og orda frå Korinterbrevet gjev hjelp til å gripa innhaldet i Johannes-teksten.

Så håper me på gode prestasjonar og rettferdige resultat i Pyeonchang. Det blir sikkert mykje å feira for oss norske også!? Kanskje endåtil denne dagen? Kl 0715 norsk tid er det 30 km fellesstart for menn, nemleg. Så litt ablegøyer på kvelden vert det sikkert rom for!

Og så ønskjer me for kvarandre ei god vandring inn i fastetida, saman med Jesus. Drag meg etter deg, syng me ved juletider. Også i teksten i dag seier Jesus at den som vil tena han, må fylgja han. Han dreg oss. Og me vil fylgja han!

### **Paul Odland**

Misjonssekretær i Den Norske Israelmisjon, Stavanger krets

[stavanger@israelsmisjonen.no](mailto:stavanger@israelsmisjonen.no)